Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

<postNr> LEIKANGER

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Tone Margrethe Berland Furustøl | 23.09.2019 |
| Vår: 19/1935 - 19/28383 | tone.furustol@lindas.kommune.no | |

# Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet - 126/3 Hope

Plan- og miljøutvalet - 085/19**:**

**Det er gjort følgjande vedtak i saka:**

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 (disp frå kommunedelplan), vert det gjeve dispensasjon for frådeling av eksisterande tun som eigen eigedom. Vedtaket er fatta på vilkår av at:

1. Resterande landbruksareal på gbnr 126/3 vert overført til naboeigedom i drift – gbnr 126/4
2. Den nye grunneigedomen vert sett til ca. 3 mål. Eigedomen si nøyaktige storleik vert fastlagt i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.
3. Rett til å ha avløpsanlegg etablert på andre sin grunn samt rett til å føre vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn må tinglysast, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
4. Vegrett over andre sin grunn må tinglysast, jf. pbl. § 27-4, 1. ledd.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Bortfall av løyve

Om frådelinga ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok

at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Tone Margrethe Berland Furustøl<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Vedlegg:
Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådeling av bustadtomt med etablert gardstun - 126/3 Hope
Søknad om dispensasjon for frådeling - gbnr 126/3 Hope
B 1-3
C-1-2
D-1
Avtale om kjøp av areal
Avtale om kjøp av areal- vedlegg
Uttale til søknad om dispensasjon - frådeling - Fv. 57 - gbnr 126/3 Hope
Uttale - Søknad om dispensasjon - Frådeling - gnr. 126 bnr. 3 - Hope - Lindås kommune.PDF
AcosSvarInn.xml
Landbruksfagleg uttale til delingssak på gbnr 1263 Hope

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOS SEN |
| Mongstad Vekst AS | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |

Mottakarar:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOS SEN |
| Fylkesmannen i Vestland | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |
| Mongstad Vekst AS | Hagellia 6 | 5914 | ISDALSTØ |